

NVE, Konesjonsavselinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo

SØKNADER OM LØYVE TIL Å BYGGE 7 SMÅKRAFTVERK I SOGNDAL KOMMUNE- TILLEGSMERKNAD OM MUNDALSELVI KRAFTVERK

NVE hadde synfaring 2/6-14 i samband med dette prosjektet, og Naturvernforbundet vil gjerne kome med nokre merknader etter synfaringa. Vi vil framleis halde fast ved at dette kraftverket ikkje bør byggast ut frå dei innvendingane vi har presentert i høyringsfråsegna. Desse innvendingane vart ikkje mindre etter synfaringa. Eit kraftverk i Mundalselvi vil etter vår meining vere eit naturøydeleggande inngrep i eit langt på veg urørt og svært vakkert landskap. Dersom kraftverket likevel skulle få konsesjon, vil vi på det sterkaste tilrå at Botnagrovi vert teken ut av planen då ei mykje redusert vassføring i elva og ei røyrgate delvis i dagen vil verke skjemma på landskapet.

Frå inntaket av Mundalselvi ved Fjellstølen og nedover må røyrleidningen truleg gå i dagen eller leggst i utskoten grøft. Dette vil føre til svært store inngrep i landskapet. Boring av ein vasstunnel må difor grundig vurderast i dette bratte og steinete landskapet og vil redusere landskapsinngrepa mykje.

Vi vonar at NVE vil ta omsyn til desse innvendingane mot dette småkraftprosjektet i den vidare handsaminga av planen.

Helsing for Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Jon Farestveit 6856 Sogndal. E-post:Jon.Farestveit@gmail.com